



Søknad om løyve til motorisert ferdsel i

- Geiranger-Herdalen landskapsvernområde
- Hyskjet naturreservat
- Kallskaret naturreservat

Personopplysningar					
Søkar sitt namn:					
Firma/organisasjon:					
Adresse:					
E-post:					
Telefon:		Mobiltelefon:			
Opplysningar om eigedomen (innafor verneområdet)					
Namn på eigedomen					
Størrelse på eigedomen (da)		Gnr/bnr:			
Eigedomen ligg innafor:	Geiranger-Herdalen LVO		Hyskjet NR		Kallskaret NR
Søknaden gjeld:					
Kjøring med:			Reg.nr.:		
(bil, traktor, snøskuter mv.)					
Sjåfør:			Tal på turar:		
Køyrerute (frå/til og nærare om trasé):					
(merk eventuelt av på kart)					
Formålet med transporten:					
Sjå definisjon av næring på baksida av arket.					
Transport i næring:		Hytte/fritidseigedom:		Annet:	
Oppgi kva som skal transporterast og/eller næringsinteressene i verneområdet. Bruk eige ark ved plassmangel.					
dato			underskrift av søker		
Søknaden sendes til <u>Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde</u>, eller på e-post til <u>postmottak@fmmr.no</u>.					
<ul style="list-style-type: none">• Elektronisk versjon av skjemaet kan lastast ned frå www.fmmr.no under Skjema.• På baksida av dette skjemaet ligg<ul style="list-style-type: none">• utdrag av relevante delar av vernereglane• definisjon av næring					

Utdrag frå § 3 i verneforskrift for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde, Stranda og Norddal

5. Motorferdsel

5.1 Motorferdsel er forbode på land og i vatn.

5.2 Forbodat i punkt 5.1 gjeld ikkje:

- a) motorferdsel ved militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta
- b) bruk av motorbåt på Geirangerfjorden og Sunnylvsfjorden
- c) motorferdsel på og ved innmark i samband med drift av jordbruksareal
- d) bruk av beltegåande elgtrekk
- e) bruk av båt med motor i samband med fiske i innsjø større enn 2 km²
- f) motorferdsel i samband med skogsdrift som er tillate etter pkt. 2.3
- g) motorferdsel på vegar som er avmerka/godkjent i forvaltningsplan, jf. § 5
- h) motorferdsel i køyrespor frå RV 63 til Kolbeinsvatnet for drift av kraftanlegg.

5.3 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av båt med motor, beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy i samband med:

- a) øvingsverksemd, jf. pkt. 5.2 a)
- b) husdyrhald
- a) storviltjakt, jf. pkt. 3.1
- b) fiske, jf. pkt. 3.2
- c) transport av varer inn til hytter og stølar
- d) transport av materialar og utstyr til vedlikehald og byggearbeid på anlegg, bygningar, klopper o.l.
- e) oppkøyring og preparering av skiløyper og skibakkar
- f) prøveboring og etablering av naudsynte luftesjakter i samband med underjordisk bergverksdrift med inngang utanfor verneområdet
- g) naudsynt transport ved drift og vedlikehald av kraftanlegg. Ved akutte behov for slik transport, utan at det er gitt løyve, skal det sendast melding.

Utdrag frå verneforskrift for Hyskjet naturreservat, Stranda

§ 3 Vernereglar

4. Motorisert ferdsl på land og på vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld ambulanse, politi, brannvern, redning og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsel og forvaltning som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Motorferdsel i samband med øving krev særskilt løyve.
2. Drift og vedlikehald av anlegg for Kystverket og det kommunale havnevesenet, og ferdsl i samband med dette.

Reglane i § 3 unntatt nr 4. er ikkje til hinder for:

3. Vedlikehald av faste innretningar og stigar som er i bruk på fredingstidspunktet.
4. Sanking av hasselnøtter, bær og matsopp.
5. Jakt
6. Fiske
7. Beiting på dagens nivå. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av reservatet.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnde i § 4 nr. 3 og nr.5 og § 5. Nr. 2.
2. Hogst av ved til eige bruk.
3. Beiting utover dagens nivå.
4. Restaurering av stig fram til kulturminnet på Hyskjet og rydding av gjengrodd gamal rås.
5. Avgrensa bruk av naturreservatet som angitt i § 3 nr. 5.
6. Oppføring av nye anlegg, flytting av anlegg, og tilbygg til eksisterande anlegg for Kystverket og det kommunale havnevesenet.
7. Etablering av enkle landfester for båtar og fiskeredskaper.

Utdrag frå verneforskrift for Kallskaret naturreservat, Norddal

IV

8. Motorisert ferdsl er forbode.

✓

Reglane i pkt. IV er ikkje til hinder for:

5. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, sikring-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsverksemd.

VII

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå fredingsreglane når føremålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet og i spesielle tilfelle når det ikkje strir mot føremålet med fredinga.

Definisjon av næring

Med omgrepet næring meines *jordbruks- og skogbruksnæring*. Det er ein føresetnad at det blir drive aktivt jord- og/eller skogbruk. Jakt, fangst, fiske, bærsanking og drift/vedlikehald av utleiehytter blir ikkje rekna som næring i denne samanhengen. Dette gjeld sjølv om desse verksemdene blir drive som ein del av næringa.